

BOKN KOMMUNE

Formannskapet

BOKN KOMMUNE		
Sak: 17/5-6	1. nr	786
2. nr: GRS	Saksbeh.: GRS	U.Off. §: -
koder: 033 & 17	U. dato: 23/2-17	

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 21.02.2017

Møtetid:

Kl. 19:00 – 20:07

Møtestad: Boknatun

Saksnr.:

013/17 - 019/17

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Eirik Nedrebø	SP	Osmund Våga	SP

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Tormod Våga
Frå adm. møte:	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingunn Toft, Kåre Bua
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Skånevik og Ølen kraftlag = SØK vert omdanna til AS. Formannskapet godkjenner dette.
Sp.mål/interpell.:	Spørsmål om Reguleringsplan for tursti Føresvik / Alvestad Ønsker mer kunnskap / orientering om veiledning i Plan og bygningsloven.
Synfaring:	
Diverse:	Formannskapet ber rådmannen legge fram sak til førstkommande kommunestyret om oppstart av endring av kommuneplanen slik at denne blir i tråd med planstrategien 17 mai komite – formannskapet, varaordfører er leiar av komiteen.

Underskrifter:

Osmund Alvestad *Anita Kiv*

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
013/17	Godkjenning av møtebok frå møte 24.01.2017
014/17	Orienteringssak - læringsmiljø .
015/17	Resultater Skolebidragskalkulator 2017
016/17	Godtgjersle for møter i byggekomiteen for nye omsorgsbustader og for omstillingsutvalet i Bokn kommune
017/17	Utplassering av infoskjerm på Coop Bokn
018/17	Godkjenning av selskapsavtale for Haugaland brann og redning IKS.
019/17	Regionalplan for areal og transport - uttale frå Bokn.

013/17: Godkjenning av møtebok frå møte 24.01.2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-013/17 VEDTAK:

Møteboka vart godkjent slik ho låg føre.

014/17: Orienteringssak - læringsmiljø .

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Orienteringa blei tatt til informasjon.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-014/17 VEDTAK:

Orienteringa vart tatt til etterretning.

015/17: Resultater Skolebidragskalkulator 2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Formannskapet tek resultatata til orientering.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

Korrigerings sak er; Resultater Skolebidragsindikator 2017.

FS-015/17 VEDTAK:

Formannskapet tok resultatata til orientering.

016/17: Godtgjersle for møter i byggekomiteen for nye omsorgsbustader og for omstillingsutvalet i Bokn kommune

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Formannskapet vedtek at det vert utbetalt ei møtegodtgjersle på kr. 300,- pr. møte i Byggekomiteen for nye omsorgsbustader for medlemmane og kommunalsjef tenester.
2. Formannskapet vedtek at det vert utbetalt ei møtegodtgjersle på kr 300,- pr. møte i Omstillingsutvalet for medlemmar, ordførar, varaordførar og rådmann.
3. Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir utbetalt etter kommunen sitt regelverk for møtegodtgjersler for politiske valde i dei tilfella møte blir held i møtedeltakerane si ordinære arbeidstid og etter dokumentasjon frå arbeidsgjevar om trekk i løn.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-016/17 VEDTAK:

Eit samrøysta Formannskap rår til at rådmannen sitt vedtak vert vedtatt.

017/17: Utplassering av infoskjerm på Coop Bokn

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet vedtar innkjøp av infoskjerm inkl. programvare til Coop Bokn på kr. 12.000,-. Beløpet vert dekkja av reservert løyving.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-017/17 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt

018/17: Godkjenning av selskapsavtale for Haugaland brann og redning IKS.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune godkjenner selskapsavtalen for Haugaland brann og redning IKS slik den ligg føre.

Det vert inngått ein eigen avtale med vertskommunen for

019/17: Regionalplan for areal og transport - uttale frå Bokn.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-019/17 VEDTAK:

Formannskapet sitt vedtak i sak 39/16 vert oversendt til Kommunestyret til ny behandling

hovudbrannstasjonen, der også dekning av tomtekostnadane for sjølve hovudbrannstasjonen inngår, når lokaliseringa av denne er bestemt.

24.01.2017 FORMANNSKAPET

FS-007/17 VEDTAK:

Eit samrøysta formannskap rår til at Rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt.

21.02.2017.Nye opplysningar i saka

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka gjeld:

Forslag om endring av selskapsavtalens § 2 - 6.

Etter at saka hadde vore til behandling i Bokn formannskap fekk kommunen melding frå Haugesund om at dei hadde gjort ei endring i forslag til selskapsavtalens § 2 - 6. Tilsvarande endringar blei seinare vedtatt både i Tysvær og Karmøy. Dei andre kommunane i brannsam arbeidet har også fått anmodning om å gjera om sine vedtak i samsvar med vedtaka til Haugesund, Tysvær og Karmøy.

§ 2 – 6 gjeld regulering av totalberedskapen for området Raglamyr/Norheim og Kopervik/Åkra. I det nye forslaget beheld ein 1. og 2. ledd i som tidligare, men ein har tatt med eit nytt pkt. 3:

3. Kommunestyret legg til grunn at selskapet utarbeider ei meir detaljert og konkret beredskapsanalyse med basis i gjennomført ROS-analyse og prosjektrapport datert 02.10.2015. Ved etablering av ny hovudbrannstasjon og ny stasjon på Karmøy si øyside, etter nedlegging av eksisterande stasjonar på Bø, Vormedal, Åkra og i Kopervik, vil rammene for selskapet si beredskapsplanlegging kunne endrast. Selskapsavtalen § 2.6 utgår frå dette tidspunktet og seinast innan 2021.

Det nye forslaget vil forhindre at selskapet er bunden opp til ei vaktordning som ein i framtida kanskje ikkje vil vere tent med. Vaktordninga i selskapet bør til ei kvar tid, bygge på ein konkret oppdatert beredskapsanalyse med basis i gjennomførte ROS-analyser, og må difor kunne endrast i forhold til dette. § 2- 6 bør difor på sikt tas ut av selskapsavtalen i samsvar med ordlyden i forslaget.

Rådmannen vil i tråd med dette foreslå at forslag til vedtak vert supplert med eit nytt pkt. 3 tilsvarande vedtak i Haugesund, Tysvær og Karmøy.

21.02.2017 FORMANNSKAPET

FS-018/17 VEDTAK:

Eit samrøysta formannskap rår til at Rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt.